

FRAMSIKT - MITT BUDSJETTFORSLAG FOR POLITIKARAR

Kommunedirektøren sitt forslag til Budsjett 2026, økonomi og handlingsplan 2026-2029 blir publisert 10. november.

Praktisk informasjon

- Framsikt blir brukt til registrering av budsjettforslag og innsending av spørsmål og svar.
- For å kvalitetssikre at budsjettforslaget er sett opp på rett måte, må forslagsstillar gi tilgang til administrasjonen seinast 8. desember for at administrasjonen skal ha nok tid til å kontrollere.
- Informasjon om innlogging er gitt i eige dokument.

MODUL	OPNAR
Spørsmål og svar	10. november
Mitt budsjettforslag	10. november

SPØRSMÅL OG SVAR

- Still spørsmål til administrasjonen i skjermbildet «Spørsmål og svar».
- Administrasjonen vil svare på spørsmål så snart som mogleg.
- Alle stilte spørsmål frå alle parti er tilgjengeleg i web-dokumentet i Framsikt.
- Sjå eige kapittel i rettleiinga for praktisk gjennomføring.

MITT BUDSJETTFORSLAG

- I «Mitt budsjettforslag» lagar gruppa/partiet eige budsjettforslag.
- Vi tilrår at gruppeleiar eller ein ansvarleg lagar sjølve forslaget for eige parti, ev. grupperingar av parti.
- Når budsjettforslaget er oppretta, kan den som oppretta forslaget legge til andre brukarar.
- Det er hjelpetekstar og rettleiingar inne i systemet for dei ulike oppgåvene, samt på vestnes.kommune.no.

- Ver merksam på samanhengen mellom drift og investering. Endringar i investering kan påverke driftskostnadane i driftsbudsjettet (renter og avdrag).

Lovlegheit i budsjettforslag

Det er eit heilt sentralt krav i kommuneloven at det skal vere balanse i økonomiplanen og i årsbudsjettet, jf. kommuneloven § 14-10. Det betyr at disposisjonsfondet ikkje kan gå i minus i løpet av økonomiplanperioden. Blir disposisjonsfondet brukt opp i perioden, vil ikkje økonomiplanen vere lovleg. Det er derfor viktig at ein undersøker lovlegheita av budsjettforslaget før ein sender det frå seg. Når alle endringar er gjort, med inndecking, må ein derfor gå til «Sjå grafisk framstilling» i Politikarmodulen. Disposisjonsfondet MÅ då vere positivt i heile økonomiplanperioden. Vedtatt målsetting for kommunen er å styrke disposisjonsfondet slik at ein kan nå målsettinga om 5 prosent på sikt.

Ufordelte innsparingar

Viser til brev frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) i november 2024. KDD er frå tidlegare kjent med at kommunestyret eller fylkestinget i enkelte tilfelle har vedtatt innsparingar i økonomiplanen og/eller årsbudsjettet utan at det samtidig er vedtatt i kva for eit budsjettområde innsparingane skal gjerast. Desse sakene er kjenneteikna av at kommunestyret eller fylkestinget reelt sett ikkje har tatt stilling til korleis utgiftsnivået/bevillingane skal tilpassast inntektsrammene og at prioriteringane utsettast til eit seinare tidspunkt.

KDD har laga eit hjelpeverktøy for å unngå ufordelte innsparingar. Tabellen nedanfor oppsummerer momenta, som tilsei at det ikkje føreligg ufordelte innsparingar i årsbudsjettet og/eller økonomiplanen. Kommunestyret kan bruke tabellen som eit hjelpeverktøy for å unngå å vedta ufordelte innsparingar. Svarer ein «**nei**» på ein eller fleire av desse påstandane, tilseier det at kommunestyret vedtek ufordelte innsparingar. Kommunestyret må då endre vedtaket slik at alle svara i tabellen kan fyllast ut med «**ja**».

Hjelpeverktøy for å unngå å vedta ufordelte innsparingar ([KDD](#)):

Nummer	Sjekkpunkt	Ja/nei
1	Kommunestyret eller fylkestinget har selv vedtatt hvordan innsparinger skal fordeles mellom budsjettområdene/ bevilgningene i årsbudsjettet og/eller økonomiplanen.	
2	Kommunestyret eller fylkestinget har ikke delegert til et underordnet organ eller administrasjonen å fordele innsparingskravene mellom budsjettområdene/ bevilgningene.	
3	Kommunestyret eller fylkestinget har tatt stilling til hvilke budsjettområder/bevilgninger som skal belastes med og ha ansvaret for utgiftsreduksjonen.	
4	Årsbudsjettet og/eller økonomiplanen er ikke satt opp med et innsparingskrav i form av en (teknisk) inntekstpost eller en (teknisk) post for reduserte utgifter/bevilgninger.	
5	Prioriteringsplikten er ivaretatt. Alle innsparingskrav er fordelt på de enkelte budsjettområdene etter kommunestyrets eller fylkestingets prioritering.	
6	Det er ikke lagt inn en midlertidig innsparing på ett budsjettområde som kommunestyret eller fylkestinget på et senere tidspunkt må ta stilling til fordelingen av.	
7	Kommunestyret eller fylkestinget har eventuelt fattet «verbalvedtak» som er klare nok til at fordelingen av innsparinger kan tallfestes og fordeles på budsjettområder.	

Dersom de har spørsmål om det som er omtalt over, ta kontakt med økonomiavdelinga.

Publisering av budsjettforslaget

Budsjettforslaga som blir produsert i Framsikt blir så store filer at det ikkje blir oversiktleg om det blir lagt inn som forslag i sin heilskap.

Dette løyer vi på følgjande måte:

1. Lag forslag med tittel:

Budsjettforslag frå (parti /ev. gruppering av parti)

2. Lag ein kort og forenkla tekst i forslaget:

Budsjettforslag frå (parti /ev. gruppering av parti), sjå vedlegg.

Sjølve budsjettforslaget frå Framsikt eksporterast til word, og skal sendast på e-post til silje.sylte@vestnes.kommune.no.

Politikarmodulen er berre eit verktøy for utarbeiding av budsjettforslag. Forslaga må framleis fremjast i møte for å bli ein del av behandlinga av saka.

Mitt budsjettforslag

3. Når du har logga inn, finn du menypunktet Politiker ved å trykke på dei tre strekane oppe til venstre, og så er du i gang.

